



## Notat

Dato: 21.06.2017  
Arkivsak: 2015/10285-19  
Saksbehandlar: gunradd

---

**Til:** Hans-Christian Engum

---

**Frå:** Gunhild Raddum

---

### **Ber om innspel - utvida plangrense for reguleringsplan for ny FV 561 - Fjell kommune**

Fjell kommune varslar utviding av plangrensa på strekninga Kolltveit – Ågotnes. Plangrensa er særskilt utvida ved kryssområdet på Kolltveit og nær Knappskog. Fylkeskommunen legg til grunn at det er tenkt eit nytt kryssområde her.

Det har vore fleire drøftingar mellom fylkeskommunen og kommunen når det gjeld vegløyningar på denne strekninga. Vegnormalane tilseier at vegen skal planleggast som 4-feltsveg med toplankryss på Ågotnes. Dette er ressurskrevjande løysingar som fylkeskommunen ikkje har vurdert realistiske med tanke på å få gjennomført prosjektet. Vi viser her til tidlegare planuttaler, og politisk vedtak i Fylkesutvalet den 23.06.2016 i samband med «*Sak om fråvik frå vegnormalane for FV 561 Kolltveit – Ågotnes*».

I Regional Transportplan 2018 – 2029 (RTP) som nyleg vart vedteke av Fylkestinget finn ein mellom anna følgjande strategiar for utvikling av fylkesvegnettet:

- *Legge nøktern standard til grunn ved utbetring av eksisterande vegar og punkttiltak.*
- *Prioritere vedlikehald og utbetring på fylkesvegnettet, framfor nye større vegprosjekt.*

Fylkeskommunen er no bekymra for at Fjell kommune planlegg eit fylkesveganlegg som grunna kostnadskrevjande løysingar ikkje vil verte prioritert i RTP, og ferdigstilt. I varselet som er sendt ut kjem det ikkje fram kva som utløyser behovet for utviding av plangrensa. Vi ber difor om eit undervegsmøte etter sommaren for informasjonsutveksling og drøfting av vegløyningar på strekninga Kolltveit – Ågotnes.